

Høgspintlina kan endeleg rivast?

23.12.2012



Høgspintlina i Halsabrotet

Det er no 12 år sidan kabel vart lagt i jord slik at høgspintlina gjennom sentrum i Uskedalen skulle kunne rivast, men det har ikkje skjedd. I siste styremøte i Kvinnherad Energi skjedde det noko positivt i saka.

På investeringsbudsjettet vart det ført opp 1 246 000 kroner til riving av lina mellom trafostasjonen og betongkiosken i Halsane. På denne måten vert også meir byggjegrunn frigjort.

Eit anna viktig vedtak for Uskedalen vart også fatta.

Investeringsbudsjettet

fekk ei løyving på 645 000 til første byggjesteget i Ospelunden, opplyser Gunn Mari Moberg i styret til uskedalen.no

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen